

Referat etter foreldremøtet for 3.-4.trinn, 20 september 2017

8 heimar møtte.

- Helsesøster Kjersti Risa Marøy informerte om samtalen ho skal ha med elevane i 3.klasse, at ho måler vekt og høyde, sjekker hørsel og syn. (Sjå vedlegg-slides ho brukte under presentasjonen sin).
- Linn informerte om klassemiljø, arbeidsrutiner, klasseromsreglar;
-Ein kjekk og triveleg gjeng som verkar å ha det fint saman. Det er viktig å ha fokus på klassemiljø og at elevane skal trivast på skulen. Dette jobbar me gjennom heile året bland anna med hjelp av det sosiale kompetanseprogrammet «Steg for steg». Her bruker ein bilder for å få i gang samtaler om empati, ulike følelsar som det å vere sint, glad, lei seg osv, respekt for kvarandre, at ein har ulike grenser for ting osv.

I klassen jobbar ein fortsatt ein del med klasseromsreglane, spesielt det med å rekkje opp handa og komme inn og bli raskt klar til timen. Dei er positive og motiverte til å arbeide på skulen samtidig som dei fort kan bli ukonsentrerte. Dette jobbar ein med ved å prøve å variere undervisninga og gje dei små pausar. Me jobbar og med at dei skal verta meir sjølvstendige i arbeidet sitt med at dei må lese oppgåveteksten sjølv før dei kan spørje om hjelp. Klarer dei sjølv å finne ut kva dei skal gjere? Øv på dette heime også når ein gjer lekser.

- Symjing- det er høge krav til kva ferdigheter elevane skal oppnå i symjing etter 4.årstrinn; *«vera symjedyktig ved å sleppa seg uti på djupt vatn, symja 100 meter på magen, og undervegs dykka ned og henta ein gjenstand med hendene, stoppa og kvila i 3 minutt samtidig som ein skal flyta på magen, orientera seg, rulla over og flyta på rygg, så symja 100 meter på rygg og ta seg opp på land»*
Oppmodar derfor alle foreldre til å ta med seg ungane i bassenget, dei treng mykje trening.
- Radøy kommune har fått ny fraværspan. Linn informerte om den og viste nokon slides (sjå vedlegg etter referat frå foreldrerådsmøte).
- It's learning: Alle elevane vil få brukarnamn og passord på it'learning, der vil dei blant anna finne vekeplanen sin. I tillegg er det ein foreldre it's learning der de vil finne diverse info skriv, årsplaner osv som skulen og deler ut som ranselpost.
Brukarnamn: 3.-4.trinn
Passord: 3og4klasse
- Oppmodar alle til å gå inn på Visma og lese elevvurderingane før foreldresamtalar
- Etter foreldreundersøkinga i fjor scora skulen litt lågt på info til heimen. Skulen lurar på kva type info foreldra saknar? Er det generell info? Meir info om eleven?

Takk for godt oppmøte!

Referent Linn Stevnebø

Individuell 3. klasse samtale

- Føresette får tilsend skjema heim i forkant
- Samtale for å høyre korleis det går med eleven
- Trivsel, mobbing, kosthald, aktivitet osv.
- Syn og hørsel
- Vekt og lengde

- Vekt og lengde → nasjonale anbefalingar
- Viktig alder for å bryte vektavvik
 - Overvekt og undervekt
 - Oppdage/utelukke somatisk sjukdom
- «Nasjonal fagleg retningslinje for veging og måling»
- «Nasjonal fagleg retningslinje for førebygging og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge»